



Kløve Eigedom AS  
Øystein Mjanger  
Burkhovdane 7  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6012 - 14/27350

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2014

## Løyve til tiltak - GBNR 185/256 Isdal - utbetring av tilkomstveg

### Administrativt vedtak

#### Vedtak 1:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga vert det gjeve dispensasjon frå byggegrensa mot kommuneveg i reguleringsplanen. Dispensasjonen omfattar delar av tilkomstvegen og støttemuren. Minsteavstand frå kant kommuneveg til kant tilkomstveg skal vera 1,5 meter.

#### Vedtak 2:

Kommunen gjev løyve til tiltak for utbetring av tilkomstveg og oppføring av støttemur, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaka skal vera i samsvar med vilkåra i brev datert 24.10.2013 frå teknisk drift.
2. Det vert gjort unntak frå krav om ansvarsrett og kontroll, fordi tiltaket har liten teknisk vanskegrad (SAK § 13).
3. Tiltakshavar skal sjå til at arbeida er gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
4. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
5. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til

anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

-----

### Søknaden gjeld

utbetring av tilkomstvegen til andreetasjen i bygningen, der det no er etablert legekantor. Teknisk drift har ibrev datert 24.10.2013 tilrådd godkjenning av søknaden på vilkår.

### Dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan

som er reguleringsplan for *Knarvik felt H*, der byggegrensa er 5 m frå vegkant. Teknisk drift tilrår 1,5 m, som kan godkjennast i dette tilfellet, utan at omsyna bak regelen vert tilsidesett.

### Forholdet til naboar:

Eigarane av naboeigedommane er varsla. Det er ikkje registrert merknader til søknaden.

### Forholdet til andre styresmakter:

Dispensasjonen frå reguleringsplanener av ein slik karakter at det ikkje er naudsynt å senda saka på høyringsrunde/klagevurdering til regionale styresmakter.

### Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

### Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

### Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Søknadspliktige tiltak (Pbl§20-1)	Gebyr
10.2.5 Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	Kr 10.000
9.1.1 Dispensasjonsvurdering	Kr 8.500
<b>SUM</b>	<b>Kr 18.500</b>

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kløve Eigedom AS

Burkhovdane 7 5914

ISDALSTØ